

# MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 18/2005

Møtedato: 6.4.05

Arkiv nr:

## **Rekruttering av ungdom til jakt og fiske**

I sak 25/01 gjorde fjellstyret vedtak om å innføre gratis fiske for ungdom til om det året dei fyller 20 år. Vidare gjorde fjellstyret vedtak om å dekke utgiftene til jegerprøven til innanbygdsbuande i same aldersgruppe.

Det har vore reist spørsmål om fjellstyret kunne tenke seg å innføre gratis jaktkort for ungdom på same måte som fiskekort. I dag kan jeger i samband opplæring overdra sitt jaktkort til ungdom mellom 14 og 16 år.

### **Vedtak:**

Fjellstyret vedtek å innføre gratis jaktkort for ungdom under 21 år. Jaktkort skal løysast på same måte som tidlegare, men skal det ikkje betalast for kortet.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 7.4.05.

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Vestre Slidre jeger- og fiskarlag